

Høyanger kommune

Møtebok

Saksnr	Utval	Møtedato
06/3	Utval for oppvekst	24.01.2006

Endring i friskulelova - Høyring

Handsama i Utval for oppvekst - 24.01.2006

Ingrid Astor sette fram følgjande framlegg:

Innledning:

Ikkje uventa kjem det endring i friskulelova som følgje av ei politisk kursending. Høyringsutkastet varslar imidlertid ikkje berre endring eller å stoppe veksten av friskular, men er ei fullstendig rasering av friskulelova, slik den vart vedteken av eit lovleg vald storting. Slik saka no teiknar seg, er dette ikkje mindre enn eit maktovergrep frå kunnskapsministeren og den raud-grønne regjeringa si side.

Tid til normal saksgang når det gjeld endring av lovverket, har regjeringa tydelegvis ikkje. Det tek for lang tid, og då vel ein å sjå bort frå normal prosedyre og innfører ein mellombels lov, som tek til å gjelde straks, og som betyr 2 års stopp for friskulane. Stortinget kan nemlig ikkje handsama ei eventuell lovendring før i 2007.

Høyringsutkastet:

Til høyringsutkastet pkt. 2,3: Her må ein involvere partar; kommunen, foreldre og elevane sin situasjon vurderast i kvart einskild tilfelle. Tilsvarande og for fylkeskommunen og vidaregåande skule.

Høyringsutkastet pkt.3: Urimelege utslag av den nye midlertidige lova, må sjølvstøtt avbøtast og unntak innvilgast.

Avslutning:

Den raud-grønne regjeringa har varsla av 40 allereie godkjende friskular, ikkje får starte opp. Dertil vil dei ca. 110 søknadane som ligg til handsaming, ikkje bli handsama. Årsaka til dette er ikkje at skulane har brote føresetnadane for godkjenning. Tvert om, -dei har fått melding frå styresmaktene om at skulane held fagleg mål og oppfyller dei krav til kvalitet som lova krev, og dermed fått godkjenning.

Skular med godkjenning, men som ikkje er komne i drift før 13. desember 2005, får med dette ikkje starte opp idet dei ikkje har rett på tilskot.

I høyringsutkastet framgår det at lovendringa truleg vil medføre kostnader for dei skulane som blir ramma. Lovavdelinga i Justisdepartementet har utgreid om det kan tenkjast at staten er erstatningsansvarleg som ein følgje av føreslegne lovendringar. Dei konkluderer med at medan dette ikkje er snakk om ein sterkt urimeleg eller urettmessig tilbakeverknad, er det ikkje truleg med erstatningsansvar. Så heilt sikre er dei likevel ikkje, ser det ut til.

Det kan ikkje vere stor tvil om at planlegging, tilrettelegging og oppretting av ein ny skule kostar pengar. Å få avslag rett før skulen skal starte opp, er brot på vanleg kommunal og fylkeskommunal praksis og burde føre til erstatning frå dei som vert berørt.

Vonbrotet frå foreldre, elevar og lærarar, som alle hadde ønskje om ein betre og annleis skule og undervisning, er eit faktum. Det har vore viktigare å fjerne draumen og valfridomen deira.

Det er eit dårleg politisk handverk det som no skjer med friskulane. Om det er lovstridig, skal eg ikkje uttale meg om, for det er eg usikker på. Men det som eg er sikker på er at handteringa av saka om friskulane frå kunnskapsministeren og den raud-grønne regjeringa svekkar tilliten til dei norsk styresmaktene.

Solveig L. Norevik sette fram følgjande framlegg:

Utval for oppvekst støttar det mellombelse framlegget med endringar i friskolelova som stoppar veksten av friskoleetableringar.

Utvalet vil peike på at det må vere, ikkje minst på grunn av økonomiske tilhøve, kommunane som styrer etablering av skolar.

VEDTAK - 2 røsyta for Ingrid Astor sitt framlegg.

5 røysta for Solveig L. Norevik sitt framlegg.

Framlegget frå Solveig L. Norevik er etter dette Høyanger kommune sin uttale til høyringsframlegget om endring i friskolelova.

SAKSUTGREIING

Saksbeh: Bjørn Hjelmeland
Arkivref: 2006/186 / A20

Vedlegg

- 1 Høyringsnotat
- 2 Friskolelova
- 3 Fagskolelova

Bakgrunn

Endringane i friskoleloven kjem som følgje av ei politisk kursendring. Regjeringa har som sentral målsetting å styrke fellesskulen, og ho har eit anna syn på friskular enn det Bondevik-regjeringa hadde. Regjeringa ønskjer snu tendensen frå vekst i friskular til samling av midlane i den offentlege skulen.

Departementet varslar fullstendig gjennomgang av friskoleloven med siktemål å sende forslag om meir permanente og omfattande endringar på høyring til hausten 2006.

Denne høyringa gjeld ei mellombels endring av friskoleloven for å stoppe veksten i friskular inntil ei ny lov er på plass.

Vurdering

Høyringsutkastet har nødvendig og vesentleg informasjon for å kunne uttale seg i høve saka.

Rådmannen vil peike på nokre avsnitt i Høyringsutkastet som kan ha relevans til uttalen, som kommunen er invitert til å komme med.

I høyringsutkastet pkt 2, 3. avsnitt heiter det:

Retten til godkjenning etter loven gjelder likevel ikke dersom etableringen av grunnskole medfører vesentlige negative følger for vertskommunen, jf. friskoleloven § 2-1 annet ledd. Tilsvarende begrensning gjelder dersom etablering av videregående skole får vesentlige negative følger for vertsfylkeskommunen, jf. friskoleloven § 2-2 annet ledd.

Vidare heiter det under pkt 3,

.....

Det kan imidlertid tenkes situasjoner der den midlertidige stansen i godkjenninger gir helt urimelige utslag. Departementet ønsker derfor å reservere seg muligheten til å gjøre unntak fra bestemmelsene i §§ 2-1, 2-2 og 6A-1 i helt spesielle tilfeller. Det foreslås ikke unntaksadgang i § 1-5.

Særlig aktuelt er unntak for såkalte grendeskoler som følger den offentlige læreplanen. I grisgrendte strøk kan det tenkes at foreldre ønsker å opprettholde eller etablere en lokal skole i tilfeller der den offentlige skolen blir sentralisert. Slike initiativer ønsker ikke departementet å ramme med denne lovendringen. Departementet utelukker heller ikke det kan være helt spesielle tilfeller der det også for andre skoler, som utgjør et reelt alternativ til den offentlige skolen, bør gjøres unntak. Unntak kan tenkes både ved at allerede godkjente skoler som ikke er i drift kan starte med tilskudd, og at nye skoler kan få godkjenning med tilskudd. Departementet presiserer at det her kun er tale om en hjemmel for å avbøte helt særegne urimelige utslag av den midlertidige stoppen i godkjenninger.

.....

Dersom det blir oppretta friskule i ein kommune, kan dette ha ulike konsekvensar. Desse kan vere av pedagogisk og/eller organisatorisk art og på sikt få strukturelle konsekvensar med td meir sentralisering.

Kommunen vil med ein gong merke dei økonomiske konsekvensane gjennom redusert statstilskott til grunnskuledrift gjennom rammetilskottet.

Kvar elev frå kommunen som går over i ein friskule tek med seg kr 36.640 (sats i 2004) til dekking av friskulen sine driftsutgifter. Med 10 elevar utgjer dette kr 366.400.- som går til fråtrekk av kommunen sitt grunnskuletilskott (av Rammetilskottet). Med 30 elevar utgjer trekket kr 1.099.200.- for kommunen.

Avhengig av kor mange elevar som går over frå kommunen sitt grunnskuletilbod til ein friskule så vil dette kunne vere ei vesentleg negativ følgje for vertskommunen, økonomisk eller får negative følgjer for tilbodet til andre elevar i kommunen som følgje av ressursnedgang, endring i skulestruktur, redusert pedagogisk tilbod etc.

Følgjene av at det blir oppretta friskular i små distriktskommunar kan vere lagt meir negative enn for større kommunar/ bykommunar med mange skular/mange elevar og kortare avstand mellom skular.

Høyringsuttalen opnar for skjønn i enkelte saker: "Det kan imidlertid tenkes situasjoner der den midlertidige stansen i godkjenninger gir helt urimelige utslag." Eit "helt urimelige utslag" blir eit departementalt skjønn. Dette skjønnet kan vere motsett av kommunen si oppfatning av situasjonen som kan vere "vesentlige negative følger for vertskommunen".

Det blir heilt sentralt at departementet lyttar til kommunen sine merknader i kvar aktuell sak.

Vidare heiter det "Særlig aktuelt er unntak for såkalte grendeskoler som følger den offentlige læreplanen. I grisgrendte strøk kan det tenkes at foreldre ønsker å opprettholde eller etablere en lokal skole i tilfeller der den offentlige skolen blir sentralisert. Slike initiativer ønsker ikke departementet å ramme med denne lovendringen."

Dette er formuleringar/signal som bør drøftast og seiast noko om i lys av lokaldemokrati, kommunal råderett og prioritering av ressursar.

Om ei interessegruppe i etterkant av eit kommunalt vedtak om nedlegging av ein skule, får medhald i oppretting av friskule, så er kommunen sine negative følgjer ikkje bundne opp i kva grunnlag ein driv friskulen på.

Dette kan vere ei statleg overprøving av kommunalt vedtak, der kommunen må bere alle moglege negative følgjer av økonomisk, pedagogisk eller organisatorisk art.

Slike utslag/døme ser ein også innanfor eige fylke.

Konklusjon

Dette er eit politisk dokument og ei politisk sak som rådmannen ikkje gir tilråding i. Rådmannen vil oppmode om at kommunen utalar seg i saka og følgjer opp uttalen i neste høyringsarbeid.